



Hans Aarnes profilert i avisa Tidens Tegn, 10. desember 1934 under overskrifta: «Redaktør Hans Aarnes. 25 år journalist». Ukjent teiknar.

Hans Aarnes and Carl Just:

A dual portrait of the first two teachers of journalism in Norway

Abstract: The first two teachers of journalism in Norway were Hans Aarnes (1886–1960) and Carl Just (1891–1990). Hans Aarnes founded Norway's first school of journalism in 1919 (Bladmanskolen), which he continued to run as a correspondence school for several decades. He also wrote a number of handbooks on journalism and newspaper work and was thus the most important teacher of journalism in the interwar period. In the post-war period, Carl Just became the leading teacher of journalism when he developed a correspondence course in journalism, and later a full-time course (Journalistakademiet) run by the press. He also was eventually instrumental in planning the establishment of the state-funded Norsk journalistkole, which opened in 1965. In the literature, Carl Just is generally regarded as the founding father of journalism education in Norway, while Hans Aarnes has largely been forgotten. Possible reasons are that Aarnes carried out most of his journalistic work outside Oslo and that he used Nynorsk, the minoritised written language. Carl Just spent most of his career in Oslo and wrote in the dominant language Bokmål, or Riksmål. He was an insider in the press organisations and curated the early history of journalism education, mentioning only his own courses.

Keywords: Schools of journalism, teachers of journalism, textbooks, journalism

Hans Aarnes og Carl Just:

Eit dobbeltportrett av dei to første journalistlærarane

Abstrakt: Dei to første lærarane i journalistikk i Noreg var Hans Aarnes (1886–1960) og Carl Just (1891–1990). Hans Aarnes etablerte ein skule for journalistikk i 1919 (Bladmanskulen) og heldt fram skulen som ein korrespondanseskule i fleire tiår seinare. Han skreiv også fleire handbøker i journalistikk og avisarbeid, og var dermed den viktigaste læraren i journalistikk i mellomkrigstida. I etterkrigstida blei Carl Just den viktigaste læraren i journalistikk då han ut vikle eit korrespondansekurs i journalistikk, og seinare eit fulltidskurs (Journalistakademiet) drive av pressa, og til slutt var han viktig i planlegginga av den statleg finansierte Norsk journalistiskule som starta i 1965. I litteraturen har Carl Just blitt rekna som grunnleggjaren av undervisning i journalistikk i Noreg, medan Hans Aarnes stort sett har blitt gløymd. Moglege årsaker er at Aarnes gjorde mesteparten av arbeidet sitt som journalist utanfor Oslo, og at han skreiv på nynorsk og var ein nynorskaktivist. Carl Just oppheldt seg gjennom mesteparten av karrieren sin i Oslo og skreiv på bokmål eller riksmål. Just var òg ein innsidar i presseorganisasjonane, og i dei mange arbeida sine om journalistikk og journalistutdanning nemnde han berre eigne kurs. Slik forma han i praksis forteljinga om journalistutdanninga si tidlege historie.

Emneord: Journalistutdanning, journalistlærarar, lærebøker, journalistikk



Johann Roppen

Professor i journalistikk
Høgskulen i Volda
E-post: johann.roppen@hivolda.no
orcid.org/0000-0003-4262-8632

Hans Aarnes og Carl Just var dei to første journalistlærarane i Noreg. Carl Just har vorte feira, medan Hans Aarnes har vorte gløymt. Denne artikkelen tek sikte på å justere dette bildet ved å samanlikne ideane dei to journalistlærarane hadde om journalistikk. Artikkelen er sterkt inspirert av Henrik G. Bastiansens presentasjon av journalistikken til Carl Just i ein artikkel i *Norsk medietidsskrift* i 2006: «Referenten må alltid være på vakt. Carl Just og norsk journalistutdanning 1943–1965.»¹

I ein tidlegare artikkel i *Mediehistorisk tidsskrift* har eg omtala Bladmanskulen som den første journalistutdanninga i Noreg, og ut frå det er det Hans Aarnes som truleg er den første journalistlæraren i Noreg.² Bladmanskulen starta i Bergen i 1919 med Hans Aarnes (1886–1960) som både pådrivar, leiar og ein slags rektor.

Aarnes var såleis ein forløpar til Carl Just (1891–1990), som først starta eit brevkulekurs i journalistikk i 1943 regi av NKS (Norsk korrespondanseskule). Just vart seinare leiar for etterutdanninga Journalistakademiet, som Norsk Presseforbund dreiv i 1950-åra, og han var også sentral i planlegginga av den statlege utdanninga Norsk journalistiskole, som tok til i 1965. Endeleg var Just også sekretær for Riksykesutvalet for journalistutdanning, som styrte den nasjonale lærlingordninga for journalistar frå 1965 og litt inn i 1970-åra. Just skreiv også fleire bøker som er rekna som viktige for norsk journalistikk og journalistutdanning.³

Mediehistorisk Tidsskrift nr. 45, 2026, årgang 23, s. 14-35, publisert mars 2026.

Artikkelen finnes også som del av hele utgaven av Mediehistorisk Tidsskrift nr. 01, 2026, url: https://medietidsskrift.no/wp-content/uploads/2026/03/NMF-tidsskrift-01_2026.pdf

Artikkelen publiseres under lisensen Creative Commons CC BY-NC 4.0.

Carl Justs idear om journalistikk har vorte omtala særleg av Rune Ottosen⁴ og Henrik G. Bastiansen⁵ i artiklar i *Norsk medietidsskrift*. Henrik G. Bastiansen skriv: «Han [Carl Just] var tidenes første – og lenge også den eneste – lærer i journalistikkfaget i Norge.»⁶ Birgitte Kjos Fonn kallar han «Journalistikkfagets grunnlegger»,⁷ og Thore Roksvold slår til med «den legendariske journalistlæreren Carl Just».⁸

Til skilnad frå dei mange omtalane av Just har Hans Aarnes i stor grad vorte gløymt. Ottar Grepstad har vore eit heiderleg unntak.⁹

Kva var bakgrunnen til Aarnes og Just? Og kva slags journalistikk var det Aarnes og Just stod for? Og kvifor vart Just hugsa og Aarnes gløymd? For å svare på desse spørsmåla skal vi her presentere eit dobbeltportrett av dei to journalistlærarane. Den viktigaste kjelda til kunnskap om Carl Just er dei mange bøkene og andre artiklar han skreiv, blant anna om journalistutdanning. Om Hans Aarnes finst det færre trykte kjelder, så arbeidet bygger i større grad på arkivstudiar.¹⁰

Hans Aarnes og norsk og nordisk journalistutdanning

Alt i 1919 starta Hans Aarnes (1886–1960) ei journalistutdanning i Bergen med namnet Bladmannaskulen.¹¹ Etter to år som heiltidsutdanning dreiv Aarnes Bladmannaskulen vidare som brevkule. I åra frå 1922 til 1945 var det truleg eit par hundre elevar som tok Bladmannaskulen som brevkurs.¹² Hans Aarnes skreiv også fleire hefte eller lærebøker til bruk i brevkulen, og desse hefte og handbøkene er truleg dei aller første lærebøkene i journalistikk og avisarbeid i Noreg.¹³

I mellomkrigstida var altså Hans Aarnes ein av svært få som systematisk arbeidde med journalistutdanning og produserte faglitteratur på feltet.

Det har ikkje vorte gjort systematiske studiar av kva slags journalistikk Aarnes stod for, og Aarnes skreiv også lite om seg sjølv og om innhaldet i undervisninga på Bladmannaskulen. Dette er nok ei delforklaring på kvifor Hans Aarnes og Bladmannaskulen ikkje har vorte like kjende som Just og Journalistakademiet. I tillegg kjem at Bladmannaskulen var ein del av nynorskørsla og rekrutterte i stor grad til nynorskaviser – skulen heldt til i Bergen, og det var få sentrale pressefolk som hadde noko med skulen å gjere.¹⁴ Det er truleg nokre av forklaringane på kvifor Bladmannaskulen har gått litt under radaren for sentrale arbeid i norsk presse- og mediehistorie.¹⁵

I fleire arbeid har Ottar Grepstad¹⁶ løfta fram Hans Aarnes, blant anna i bidraga sine i *Norsk Presses historie*, og då først og fremst i eit nynorskperspektiv. Rune Ottosen¹⁷ har også nemnt Bladmannaskulen som eit interessant tiltak, men har ikkje gått nærare inn på innhaldet i utdanninga eller arbeidet til Aarnes.

Om vi reknar 1919 og Bladmannaskulen som starten på norsk journalistutdanning, så var Noreg tidleg ute og først av dei nordiske landa.

I nordisk samanheng er det gjort få historiske studiar av innhaldet i journalistutdanning og av lærebøker og andre læremiddel på feltet. Den nemnde artikkelen av Bastiansen¹⁸ er eitt av få norske døme.

Johan Jarlbrink¹⁹ omtalar i si avhandling om journalistikk i Sverige også debattar og forsøk på å etablere journalistutdanning i åra 1900–1930.

Den svenske forskaren Elin Gardeström har i si doktoravhandling²⁰ truleg skrive den breiaste framstillinga av journalistutdanninga i Norden. Gardeströms avhandling fokuserer på åra 1944–1970 og har først og fremst det vi kan kalle eit institusjonelt perspektiv.

I samtida til Aarnes og Just eksisterte det ikkje noko som kan kallast norsk medieforskning. Eit viktig startpunkt for medieforskninga i Noreg var då Institutt for presseforskning ved Universitetet

i Oslo vart oppretta i 1958. Det var i liten grad merksemd om samtidig journalistutdanning i studiane ved Institutt for pressforskning, og Bladmannaskulen hadde blitt etablert nesten 40 år før instituttet.²¹ Munnlege kjelder er heller ikkje lenger tilgjengelege.²²

Aarnes og Just er dermed to interessante aktørar i etableringa av norsk journalistutdanning. Kven var dei? Kva tenkte og skreiv dei om journalistikk? Vi skal her gjere greie for den faglege bakgrunnen til Aarnes og Just og deretter gå inn på kva slags journalistikk dei stod for – først og fremst gjennom det som blir formidla i faglitteraturen dei skreiv, men delvis også gjennom journalistikken dei stod for.

Aarnes og Just: sosial og profesjonell bakgrunn

Kva bakgrunn hadde Aarnes og Just? Og korleis såg yrkeskarrieren deira ut? Som eit utgangspunkt for denne framstillinga har vi i tabellen nedanfor sett opp fakta om Hans Aarnes og Carl Just.

	Hans Aarnes	Carl Just
Leveår	1886–1960 (74 år)	1891–1990 (99 år)
Stad	Aarnes i Vestrefjorden, Haram kommune, Møre og Romsdal	Oslo
Sosial bakgrunn	Småbrukarson	Fosterheim
Ektefelle	Gift 1913, Gina Villevik	Gift 1919, Greta Lundquist ²³
Språk	Nynorsk	Riksmål/bokmål
Organisasjonsarbeid m.m.	Venstre/Bondepartiet, Norsk Bladmanna-lag (Noregs mållag), Grønlandssaka, fråhaldsarbeid	Riksmålsforbundet ²⁴ , presseorganisasjonane, fråhaldsarbeid
Bakgrunn før journalistikk	Kystskipper, handelsmann	Musikar (fiolin)
Yrkeskarriere i aviser (som journalist, redaksjonssekretær, redaktør eller disponent)	Aarvak, Ålesund (1909–?) Norig, Skien (1911–1913) Hardanger, Odda (1913–1916) Gula Tidend, Bergen (1916–1920) Bondebladet, Voss/Bergen (1920–1923) Agder Tidend, Kristiansand (1923–1932) Nynorsk vekeblad, Oslo (1933–1943) Fonna forlag, Oslo (1936–1960)	Vårt Arbeide (1916) Dagbladet (1917) Folkets Avis, Bergen (1919–1920) Dagen, Bergen (1921–1928) Morgenbladet (1928–1936) Bergen Aftenblads magasin (1936–1938) Damebladet / Norsk dameblad (1938–1939) Frilans (1939–1949) Nordens Nytt (1949–1964)
Leiar for journalistutdanning	Bladmannaskulen (1919–1960), heiltid 1919–1921, deretter brevkurs	NKS brevkurs 1943–, Journalistakademiet, 1951–1964, sekretær for Riksyrsesutvalet for journalistopplæring (lærlingordninga) (1965)

Hans Aarnes voks opp i grenda Fonna i Vestrefjorden i Haram kommune i Møre og Romsdal. Han tok kystskippereksamen i 1904, men fekk helseproblem då han skulle ta til på yrkeslivet på sjøen, og tok seg i staden anna arbeid, blant anna som handelsmann. Han kom inn i ungdoms- og mål-arbeid, og i 1908 vart han bladmann i avisa *Romsdølen* i Molde. I 1909 kom han med i redaksjonen for bladet *Aarvak*, som var ei nynorskavis som kom ut i Ålesund.²⁵ I eigenreklamen i andre aviser sa *Aarvak* at bladet hadde 1000 tingarar og var den fjerde største avisa på landsmål.²⁶ Aarnes prøvde seg også både som skodespel og som diktar.²⁷ Aarnes skreiv læreboka *Norsk Samfundslære*,

som kom i fleire utgåver²⁸ – på slutten også på bokmål som lærebok for realskolen.

Som journalist og redaktør var Aarnes tydeleg både som forkjempar for nynorsk på alle samfunnsområde, også i avisene. Blant anna var han sentral då Norsk Bladmannalag vart skipa i Skien i 1913, med Aarnes som den første leiaren i ein tiårsperiode.

Aarnes var også ein forkjempar for nasjonale verdiar knytt til bondestanden. I eit foredrag Aarnes skreiv som 25-åring i 1910, kjem dette fram i programmatisk og polemisk form. Foredraget vart trykt i fleire aviser og også spreidd som særtrykk med eit trykt opplag på over 15 000.²⁹ Aarnes gjekk då også over frå Venstre til det nye partiet Bondepartiet då det vart skipa i 1920.

Carl Just voks opp i fosterheim, noko han fortel om i sjølvbiografien sin.³⁰ Språk, bøker og lesing vart tidleg hans store interesse i livet, og det vart også karrierevegen hans: «Jeg ble klar over at det bare var ved hjelp av bøkene jeg kunne brøyte meg frem til 'en plass i solen'».³¹ Just skriv også om korleis han i ungdomsåra vart ein «(...) ildtilbeder av vakkert, korrekt, velpleiet riksmål, og kjøpte og leste alt jeg kunne komme over av bøker om norsk språk og sprogbruk for ytterligere å perfektionere meg for skribentvirksomheten».³² Og så lærte han å spele fiolin så godt at han i alle fall i ein periode kunne ha det som attåtærning. I folketeljinga for 1920 budde Just i Bergen og oppgav der som yrkestittel «violinist – journalist».³³

Aarnes og Just arbeidde i pressa om lag på same tida, og dei budde i mange år i dei same byane: Bergen og Oslo. I det vesle norske pressemiljøet visste dei nok godt om kvarandre. Aarnes hadde flest leiande stillingar i pressa. Aarnes var redaksjonssekretær, redaktør og disponent i fleire aviser og var også leiar for presseorganisasjonen Bladmannalaget, som organiserte nynorske journalistar og redaktørar. Seinare var Aarnes også sjef i eige forlag.

Aarnes kom til Bergen i 1916 etter at han hadde arbeidd som bladstyrar og journalist i nynorsk-aviser i Ålesund, Skien og Odda. I Bergen arbeidde han som redaksjonssekretær i venstreavisa *Gula Tidend* før han slutta og gjekk over til å drive Bladmannaskulen. Politisk sett gjekk han på same tid til Bondepartiet og vart tilsett i avisa *Bondebladet* i Voss/Bergen. Etter at Bladmannaskulen ikkje lenger var ein heiltidsskule, reiste Aarnes frå Bergen til Kristiansand, der han i åra 1923–1932 var bladstyrar (redaktør) i Bondeparti-avisa *Agder Tidend*. I 1933 flytta han til Bygdøy, der han budde resten av livet. I Oslo dreiv han forlagsverksemd og gav ut vekeblad (*Nynorsk vekeblad*) og bøker gjennom Fonna forlag, som han hadde skipa. I ettertida vert han også hugsa som den som dreiv fram det nynorske leksikonet *Norsk Allkunnebok*. Parallelt med dette dreiv han Bladmannaskulen som breviskule frå 1921 og framover, truleg til 1957.

Carl Just fekk sin første journalistjobb i ei fråhaldsavis i Oslo i 1916 og arbeidde også i Dagbladet før han flytta til Bergen og fekk jobb som journalist og seinare redaksjonssekretær i Dagen. Han arbeidde også i radio i Bergen kringkastar. Just vart styremedlem i Bergens Journalistforening (1923–1927).³⁴

Just og Aarnes arbeidde samtidig som pressefolk i Bergen i åra 1919–1923. Kor stort var pressemiljøet i Bergen? Folketeljinga for 1920 er digitalisert, og eit søk på «journalist», «redaktør», «bladmann» og «bladstyrar» tyder på at pressemiljøet i Bergen bestod av ca. 60 personar.³⁵ Blant desse var både Aarnes, som titulerte seg som bladstyrar og leiar for Bladmannaskulen, og Carl Just. I pressemiljøet utgjorde dei ca. ti elevane ved Bladmannaskulen dermed ein vesentleg del. Det verkar difor rimeleg at Just og Aarnes kjende kvarandre, og at Just kjende veldig godt til både Bladmannalaget og Bladmannaskulen frå tida si i Bergen.

I 1928 flytta Just tilbake til Oslo og arbeidde i redaksjonen i *Morgenbladet* før han som Aarnes fekk seg jobb i vekepressa som redaktør for vekebladet *Damebladet* (seinare *Norsk Dameblad*).

Damebladet vart gjeve ut av Ernst G. Mortensen forlag, og dette var den same Mortensen som hadde starta NKS (Norsk Korrespondanseskole), og som i 1943 engasjerte Carl Just til å utvikle og drive eit brevkurs i journalistikk.

Kva for andre inspirasjonskjelder hadde Aarnes og Just? Vurdert ut frå det vi veit om stipend-reisene deira, kan det sjå ut til at Aarnes såg mot USA, medan Just sine referansar kanskje var europeiske. Så snart første verdskrigen var over, reiste Aarnes USA og studerte journalistutdanningar og den norske pressa i Amerika i eit halvt års tid i 1918–1919. Turen vart rapportert i form av fleire bøker.³⁶ Kona Gina Villesvik (1887–1997)³⁷ blei med han på turen.³⁸ Hans Aarnes fekk også Bladmannelaget stipend i 1920 og reiste då til Sverige og Danmark for å studere bladdrift.³⁹ I 1931 fekk han Bondepresselaget reisestipend.⁴⁰ Også seinare i livet var han på reise. Aarnes var også på studietur i USA i 1954 og budde eit halvt års tid i Minneapolis.⁴¹ Sonen Kjell Aarnes studerte seinare i USA og vart siviløkonom frå University of Washington i 1949.⁴²

Carl Just fekk reisestipend frå Bergens Journalistforening i 1923, og han reiste då til Tyskland og Frankrike.⁴³ I boka *Spesialutdanning av journalister* skriv Carl Just at USA er «foregangslandet»,⁴⁴ og at den amerikanske pressa har ei god utvikling, blant anna fordi dei har gode journalistutdanningar.

Det kjeldene fortel om Aarnes og Just som journalistar og redaktørar, gjev inntrykk av at Aarnes nok stod i fleire stridar enn Just. Redaktørar i små aviser skulle vere meningssterke og fremje avisas og gjerne partiets synspunkt. Ei slik framskoten rolle kan naturleg nok vere utsett. Aarnes skilde lag med Venstre då Bondepartiet vart skipa, men vende truleg tilbake til Venstre etter at han slutta som redaktør i Bondeparti-avisa *Agder Tidend*. Den siste tida i *Agder Tidend* opplevde Aarnes både å bli den første som vart felt i Det faglige utvalg (forløparen til Pressas faglege utvalg), og å tape ei rettssak der ein av bygdemeldarane til *Agder Tidend* hadde vore for positivt innstilt til streikande arbeidarar i Mandal. Han vart sagt opp som redaktør i avisa, men det er ikkje heilt klart kva som var grunnen til det.⁴⁵ Aarnes fremma også aktivt meiningane sine gjennom å kritisere det han meinte var ei feil utvikling i norsk presse, som la stadig større vekt på kriminalstoff.⁴⁶ Just var ikkje ein synleg aktør i slike spørsmål. Derimot var Carl Just nok mykje meir aktiv internt i pressas organisasjonar enn det Aarnes var.

Under andre verdskrigen fekk brevskular eit stort oppsving – truleg fordi det var få andre syslar å halde på med, særleg då radioapparata vart kverrsatte. Bladmanskulen fekk truleg mange nye elevar, og Aarnes utvida i 1942 brevskuleaktiviteten med nye tema for brevkurs. I tillegg skifta han namnet på skulen til Fram brevskule. Carl Just vart på same tid engasjert av Ernst G. Mortensen for å starte ein brevskule i journalistikk i regi av NKS (Norsk korrespondanseskole). NKS var det eldste



Hans Aarnes, redaktør i *Agder Tidend* i Kristiansand. Foto frå Kristiansands Presselags julehefte i 1931.



Hans Aarnes (70). Bilde i Gula Tidend, 28. april 1956. Ukjent fotograf.

og største brevskulefirmaet i landet, og det ser ut til at NKS på kort tid vart den dominerande aktøren i marknaden.

Etter andre verdenskrigen heldt Just fram med å drive NKS sin brevskule i journalistikk, men på same tid vart han engasjert av Norsk Presseforbund for å planlegge og drive Norsk Journalistakademi. Dette var eit eittårig vidareutdanningskurs for journalistar og formelt sett ikkje ei grunnutdanning. Ideen om ei fulltids journalistutdanning voks seg sterkare, og i 1960-åra var Carl Just med på utgreiinga av det som skulle bli Norsk journalistikole, seinare Norsk journalisthøgskole, seinare journalistutdanninga ved dagens Oslomet.⁴⁷

Carl Just vart ikkje tilsett på Norsk journalistikole, men heldt fram med brevkursa i NKS. Han hadde også ei rolle som sekretær i arbeidet med å etablere ei lærlingordning for journalistar, som vart planlagt og sett i gang om lag parallelt med at Norsk journalistikole vart etablert. Lærlingordninga vart avvikla midt i 1970-

åra etter ca. ti års drift. Høgskolen Kristiania er ei direkte vidareføring av verksemda i NKS, og har i dag ei journalistutdanning og eit knippe av medieutdanningar som kan seiast å vere ei vidareføring av arbeidet til Carl Just.

Hans Aarnes var heile livet engasjert i spørsmål omkring nynorsk og det vi med litt brei pensel kan kalle norskdom. Norsk Bladmannelag var eit lite, men aktivt lag i Noregs Mållag og spelte til tider ei sentral rolle i målrørsla. Aarnes reiste fleire gonger til USA, blant anna besøkte han journalistutdanningane ved fire amerikanske universitet i 1918–1919 før han kom heim og starta Bladmannelagaskulen. Aarnes var også engasjert i den såkalla grønlandssaka,⁴⁸ og heilt til ut i 1950-åra brevveksla han med Carl Johan Hambro i denne saka.

Konkurrerande journalistutdanningar

Aarnes hadde alt i 1919 starta Bladmannelagaskulen, og motivasjonen var heilt klart knytt til arbeidet hans for nynorsk og nynorsk presse. Bladmannelagaskulen fekk ikkje statsstøtte, og Aarnes omdanna i staden utdanninga til brevskule i 1921. Mot slutten av 1920-åra opna Aarnes skulen også for bokmålsbrukarar ved at elevlar kunne levere breva sine og få rettleiing på bokmål. Dette går blant anna fram i reklamemateriell for brevskulen.⁴⁹ Det er vanskeleg å vite kor mange av elevane som kom til skulen med bokmålsbakgrunn, og læremidla, handbøkene, var heile tida på nynorsk. I 1943 gav Hans Aarnes ut hefta sine i eit samla verk: *Bladarbeid*.⁵⁰ Det var truleg ei stor tilstrøyming av brevskuleelevar under krigen som gjorde at Aarnes fekk trykt det som framstår som ei samla lærebok i journalistikk og avisdrift.

Carl Just skriv i sjølvbiografien sin at han arbeidde eit års tid med opplegget for brevkurset i journalistikk, og også han/NKS gav ut ei lærebok nokre år seinare.⁵¹ Desse to nesten samtidige

bøkene er dei viktigaste kjeldene til å vurdere tankane dei to journalistlærarane hadde om journalistikk og bladdrift.⁵²

Just ser ut til å ha kome inn i journalistutdanning som eit oppdrag for NKS brevskule, som vart starta i 1944. Så frå 1944 av var Bladmanskulen og NKS korrespondanseskole konkurrentar på marknaden for brevkurs i journalistikk.

I 1943 var Hans Aarnes ein røynd blad- og forlagsmann på 57 år, og Just hadde også passert 50. Dei hadde begge eit langt liv i pressa bak seg, men hadde begge slutta med dagspressejournalistikk og gått over til å arbeide som redaktørar i vekeblad. Begge dreiv med svært mange andre skrivande aktivitetar ved sida av.

Når Carl Just kjem med sine etter kvart fleire bøker om journalistikk, blir Hans Aarnes og Bladmanskulen nesten ikkje nemnde. I boka *Journalistikk*⁵³ skriv Just: «Noen norsk bok om journalistikk finnes ikke.»⁵⁴ Om Just visste om arbeida til Aarnes, så rekna han altså ikkje *Bladarbeid* for å handle om journalistikk.

I seinare arbeid av Just er Aarnes nemnd éin stad, og der er det kritikk å spore. I 1968, fleire år etter at Aarnes er død, skriv Carl Just i læreboka *Avisen og journalisten. En bok for vordende journalister*⁵⁵ om «Artikkelen». Just omtalar artikkelen generelt som ei teksteining i avisa, men går raskt over til å omtale leiarartikkelen. Carl Just siterer her Aarnes på ei «oppskrift» på korleis ein leiarartikkel skal skrivast. Men Just oppgjev ikkje kjelda – Aarnes hadde skrive denne oppskrifta i læreboka si om bladarbeid. I Justs språkdrakt vart Aarnes sitert slik:

Redaktør Hans Aarnes gav en gang unge journalister dette skjema for leder-skriving: 'Den ledende artikkelen bygger man best opp av tre hoveddeler: 1. Fakta, noen opplysninger som man legger til grunn. 2. Logikk, tankeføring frem til et resultat, og 3. Konklusjon.'⁵⁶

Just held så fram med å sitere ein artikkel frå *Dagen*-redaktør Johs. Lavik om korleis ein leiarartikkel skulle uttrykke ei meining, ha ein nerve. I det alt vesentlege henta Just dette frå ein artikkel i *Dagspressen*, som igjen var referat frå eit føredrag som Lavik hadde halde der han eksplisitt refererer til – og kritiserer – Aarnes si lærebok.⁵⁷ Men denne referansen tok altså ikkje Just med seg vidare. Og hadde Just gått til originalkjelda, ville han sett at Aarnes skreiv langt meir om leiarartikkelen enn berre å presentere ein enkel disposisjon.

Just siterte Lavik også i 1947-boka, utan å direkte nemne Aarnes. Men det kan kanskje sjå ut til at han kjende til Aarnes si «oppskrift», for Just skriv:

(...) det er klart at det er en mistyding å prøve å lage noe skjema for lederskriving.⁵⁸

Originalteksten hos Aarnes som Just og Lavik refererer til, finn vi i Aarnes -boka *Bladarbeid* frå 1943. Ho kom ut same året som Carl Just laga kurset i journalistikk for Mortensen. Dette «skjemaet» var tre–fire linjer av eit kapittel med namnet «Bladstyraren».⁵⁹ Den siterte teksten var ny i 1943-boka samanlikna med boka *Bladstyraren*, som kom ut i 1926. Men Just har i 1968 nok altså basert seg på føredraget til Lavik, som vart trykt i *Dagspressen* i 1948.

Hadde bokelskaren Carl Just rett og slett ikkje fått med seg at Hans Aarnes hadde gjeve ut fleire bøker om bladarbeid? Det verkar svært lite truleg. Det fanst svært lite norsk eller skandinavisk litteratur om aviser og journalistikk på denne tida. Fleire av bøkene til Aarnes vart omtala i *Journalisten* og/eller *Dagspressen* då dei kom ut, og bøkene var tilgjengelege i Norsk Presseforbund.

Mot slutten av livet gav Hans Aarnes boksamlinga si til Journalistakademiet, og i arkivet til Fonna forlag ligg takkebrevet – frå Carl Just. Brevet er datert 25. februar 1958, og i brevet takkar Carl Just Aarnes for

(...) den verdifulle samling bøker De har skjenket til akademiets bibliotek. Disse bøker kommer vel med i undervisningen. Med glede konstaterer jeg at også de instruktive håndbøker i pres-sarbeid, De selv har skrevet, er kommet med i samlingen.⁶⁰

Det er kanskje denne bokgåva som er tenkt på når ei kjelde fortel at då Journalistakademiet vart etablert, «let Aarnes dei [Journalistakademiet] få alt det tilfang han hadde arbeidt ut for for-målet [Journalistutdanning].⁶¹

Både Carl Just og forfattarar som har sitert han, har formidla inntrykket av at det ikkje fanst nokon litteratur å bygge på då NKS og Just starta si journalistutdanning, men det stemmer altså ikkje. Så då må det vere andre grunnar til at Just valde å oversjå arbeida til Hans Aarnes. Den aller enklaste forklaringa er kanskje at Bladmannaskulen var ein konkurrent til NKS-brevskulen, og kon-kurrentar skal ein vere varsam med å framsnakke. Ei anna forklaring kan naturlegvis vere at Carl Just var nøgd med å ha rolla som den første norske journalistlæraren.⁶²

Vi ser også eit slags mønster her ved at Just heller ikkje nemner andre konkurrentar til NKS-brevskulen. Journalist Tor Width var fagleg ansvarleg for eit brevkurs i regi av Korrespondanseakademiet (K.A. Akademiet), som også starta i 1943, altså på same tid som Just og NKS kom med sin brevskule. I 1930-åra hadde også Sigurd Halling nokre år tilbode kurs i journalistikk («journalist- og sekretær-kursus»).⁶³ Desse er heller ikkje nemnde av Just, sjølv om Just ifølgje Ottosen var ein av lærarane på Hallings utdanning. I ein UNESCO-rapport om journalistutdanning er det Carl Just som har omtala Noreg (UNESCO 1958), og her er det berre Journalistakademiet og NKS-brevskulen som er omtala.

Ut frå dette er det grunn til å vere varsam med å nytte Carl Just aleine som kjelde til Carl Just og norsk journalistutdanning.

Bøkene: Bladarbeid og Journalistikk

Dei to mest sentrale bøkene vi skal studere her, er Hans Aarnes si bok «*Bladarbeid*» (1943) og Carl Justs bok *Journalistikk* (1947). Berre av titlane forstår vi at dei to forfattarane har ulik tilnærming.

Vi skal først gje eit oversyn over dei to bøkene og deretter gå inn i nokre sentrale tema.

Dei to bøkene er skrivne av forfattarar som hadde sine formative år i mellomkrigstida. På denne tida fanst det ikkje nasjonalt spreidde aviser, så vi kan kanskje seie at begge hadde lokalaviser som si referanseramme.

Hans Aarnes sine bøker var altså hefte som vart skrivne etter at Bladmannaskulen hadde vorte brevskule. Truleg er hefta meinte til bruk som «hjelpbøker» ved sjølvstudium, noko som var ein vanleg måte å drive brevskular på. Dette står rett nok ikkje eksplisitt i bøkene og er heller ikkje omtala i kursomtalane for Bladmannaskulen.⁶⁴ Carl Just si bok *Journalistikk* frå 1947 har eit tydelegare brevskuleopplegg. I Nasjonalbiblioteket sin versjon av boka er det ikkje gjennomgåande side-tal, men sidetala startar på nytt for kvart av dei 13 «brev» som utgjør boka.

Aarnes er heilt tydeleg orientert mot bygda, noko vi også ser av at den første handboka han får prenta i samlinga si av lærebøker i journalistikk, har tittelen *Bygdemeldaren* (1922). Boka kom også i nytt opplag i 1929. Når Aarnes skriv om «Bymeldaren», får dette berre nokre sider i 1943-samlinga, og han er lite detaljert. Aarnes skriv mest om journalistikk i bøker eller kapittel med titlar som

Skulebøker.

NORSK ORDBOK. Av Ivar Aasen
Hft. kr. 22.40.

KVAR SKAL TEIKNET STA?
Lærebok i teiknsetjing. Av Severin
Eskeland. Hft. kr. 1.75.

NORSK SAMFUNNSLÆRE. Med
Noregs grunnlov. Av Hans Aarnes.
Innb. kr. 2.92.

FESTTALAR. Ved alle høve. Av Jo-
han Austbø. Hft. kr. 4.20. Innb.
kr. 6.45.

BLADARBEID. Av Hans Aarnes.
Hft. kr. 4.48.

PRESSEMAKT OG ANSVAR. Av
prof. Rogers. Ved Pål Sundvor.
Hft. kr. 1.12.

NOVELLESKRIVING. Av Hans Aar-
nes. Hft. kr. 1.75.

NAVIGASJON. Av P. Hånes. Innb.
kr. 10.08.

BIESTELL. Lærebok i blerøkt. Av
Sjur Tveit. Hft. kr. 2.80.

FONNA FORLAG

Oslo.

Saklig orientering om JOURNALISTIKK

NKS-kurset JOURNALISTIKK gir den første innføring i det journalistiske arbeid og gir instruksjoner og gode råd. De 13 undervisningsbrevene er utarbeidet av redaktør Carl Just, leder av Journalistakademiet, som også er kursets lærer.

Ca. 150 av de 1200 elevene NKS har hatt i dette kurset de siste 10 år, er i dag fast knyttet til den norske presse som journalister og redaktører. Mange andre driver journalistikk som bierverv.

NKS

Skriv etter skoleplan i dag!
NORSKE LEDENDE BREVSKOLE

NORSK KORRESPONDANSEKOLE, Arbiensgt. 7, Oslo
Vennligst send gratis og uten forplikelse for meg. Bladet «Brevskolen» i ett år, den skoleplan jeg har sett kryss ved nedenfor og studiehåndboka «En nøkkel til framgang».

☐ Plan 2

Handeløkonomi:
Bokføring, - Revision,
gjeld, Handelsreg-
ning, Korresp. Kon-
tororg. Skatterett.
Teikning, Statistikk,
Stenografi m. m.

☐ Plan 4

Språkstudier:
Norsk bokmål, Ny-
norsk, Norske stil-
kurs, Engelsk (11
kurs), Tysk, Latin,
Fransk, Italiensk,
Russisk, Spansk.

☐ Plan 6

Hus og heim:
Hjeminnredning, Kjøk-
kenstell, Kostlere,
Husholdn.-ekonomi,
Sam. Barnepleie,
Barneoppdr., Sek-
sualitet, Sykepleie.

☐ Plan 3

NKS Realskole
og Gymnas
Kurser i skriftl. og
muntl. fag til real-
skoleeks og artium.
Kurser for studen-
ter. Div. forkurser.

☐ Plan 5

Teikning og hende-
teikning, Matema-
tikk, Mekanikk,
Bygnings-, elektro-
nisk og maskinell, Fly-
kurser, Driftstek-
nikk, Håndverksfag,
ser i oljemaling.

☐ Plan 7

Tegning og mal-
ing: Frihåndstegn, Skis-
setegn, Ornamenti-
teikning, Farge- og
harmonilære. Kur-
ser i oljemaling.

☐ Plan 1

Spesielle kurser:
Samfunnskunnskap,
Rettslære, Kommu-
nalkunnskap, Meie-
ledelse og telelek-
nikk, Studielede-
ren, Pedagogisk
psykologi, Jour-
nalistikk, Biblio-
teklære, Logikk til
forb. prave, Note-
lære, Musikkteori,
Harmonilære, Ama-
terfotografering,
Navigasjon, Ori-
entering - bruk av
kart og kompass.

Navn

Adresse

D.bl. 27/3-54.

NR. 78 - DAGBLADET, LØRDAG 27. MARS 1954

Annonse frå Fonna forlag i Morgenbladet, 27. august 1945.

Journalistikk som blikkfang i annonse frå NKS (Norsk Korrespon-
danceskole) i Dagbladet, 27. mars 1954.

«Bladstyraren», «Bygdemeldaren», «Bymeldaren», «Bladmannen i bladstova», «Den utsende med-
arbeidaren» og «Ferdabrev».

For lesarar av i dag ser vi at Aarnes nyttar framande termar. Dette var nok i tråd med eit språk-
politisk program der Aarnes såg det som si plikt å prøve å nytte norskspråklege termar i størst
mogleg grad. Eit omgrep som gjekk heile vegen frå samtalar i Norsk Bladmannelag til rikspolitikk
og framleis er i bruk i dag, er faktisk omgrepet «kringkasting». Så var då også den første kring-
kastingssjefen Olav Middtun aktivt medlem i Norsk Bladmannelag.⁶⁵ Av andre omgrep som Aarnes
brukte i lærebøkene sine, finn vi bladstove om redaksjon, fettesvein om nyhendejournalist, sam-
røddor om intervju og opprit om referat. Dette er omgrep som dei færraste nyttar i dag.

I boka *Journalistikk* (1947) har Carl Just på mange måtar gjort dei same vala som Aarnes gjorde
i *Bladarbeid*. Boka har 13 kapittel som tilsvarer dei 13 breva i kurset. Just går grundigare inn på dei
journalistiske sjangrane enn Aarnes. Dei sju breva frå nr. 3 til nr. 9 handlar om journalistiske sjang-
rar og arbeidsmåtar, og det utgjør dermed over halvparten av dei 13 breva. Just skriv om notisen,

reportasjeartikkelen, intervjuet, referatet, leiarartikkelen, kåseriet, essayet, reisebrevet og kronikken.

Både Aarnes og Just har mange døme på artiklar, både gode og dårlege. Alle artiklane til Aarnes er på nynorsk. I Carl Justs bok er det berre éin artikkel som er skriven på nynorsk, og den var skriven av journalisten Vegard Sletten, ein sentral aktør i norsk journalistikk i etterkrigstida og leiar i Norsk Journalistlag då boka kom ut i 1947. Slikt vert vel gjerne kalla nettverksbygging fram mot etableringa av Journalistakademiet, som var under planlegging.⁶⁶

Kva er det Aarnes og Just *ikkje* bryr seg om? Det er for det første sport. Sportsjournalistikken i Noreg hadde på denne tida vokse fram som eit viktig stoffområde i avisene, men dei to journalistlærarane brydde seg tilsynelatande ikkje om det. Dei er heller ikkje opptekne av utanriksstoff. Norske aviser fekk til dagleg utanriksnyhende via telegrambyrå, men både Aarnes og Just hadde hatt sine utanlandsreiser, og begge har ferdabrev/reisebrev som tema i bøkene sine.

Eit anna stoffområde som heller ikkje er omtala, er kriminalstoff, og her finn vi ein viss skilnad mellom dei to forfattarane. Aarnes hadde alt i 1920-åra ytra ei form for pressekritikk ved å kritisere korleis avisene prioriterte kriminalstoff, i praksis det som vart formidla som telegramstoff.

I ein kommentar i *Agder Tidend* 23. desember 1924 med tittelen «Hev bladi eit ansvar?» skreiv Hans Aarnes om det han seinare kalla «Pressa og folkemoralen», som både handla om prioritering av og innhald i kriminalsaker. Artikkelen sende han også til *Journalisten*, som trykte den i forkorta utgåve. Den siste delen som handla om ansvar for annonsane, kom ikkje med i *Journalisten*. Dette var ein klar mediekritikk frå Aarnes si side. Han åtvara mot for detaljerte skildringar av mord og andre brotsverk, som valdtekt.

Aarnes var også klar på at sjølvord ikkje burde omtalast – noko han meinte var pressas praksis før første verdskrigen. I den første Ver varsam-plakaten i 1936 kom det då også inn ein paragraf som sa at sjølvord til vanleg ikkje skulle omtalast – og det vart ståande som norm i norsk presseetikk i svært mange år. I 2005 vart formuleringa endra til at sjølvord som hovudregel ikkje skulle omtalast, og i den gjeldande plakaten står det at ein skal legge vekt på ei «nøktern framstilling» av sjølvord.⁶⁷ Fråhaldsmannen Aarnes ønskte også at pressa ikkje skulle ha reklame for alkohol – men det skulle gå 50 år før det vart norsk politikk.

Det ser ikkje ut til at det vart nokon debatt om spørsmåla Aarnes tok opp – i alle fall ikkje i *Journalisten* i 1925. I Aarnes sine bøker kjem desse haldningane meir indirekte fram ved at Aarnes ikkje haussar opp kriminalstoff som «godt stoff», men heller snakkar om at avisene bør prioritere positivt stoff og slikt som fører samfunnet framover.

Just ser heller ikkje ut til å prioritere kriminal- eller politistoff, men nemner politiet og kriminalreportasjar som moglege nyhendebeite og som stoff som kan vere av personleg interesse for journalistar.⁶⁸

Pressemoral og presseetikk

I dag er medieetikk og mediejuss eit viktig tema i dei aller fleste journalistutdanningar. Aarnes og Just refererer til straffelova og andre relevante lovverk for journalistikk.

Kvifor manglar presseetikk i dei to bøkene? Før 1960 snakka norsk presse helst om pressemoral når det gjaldt spørsmål som vi i dag kallar presseetikk eller medieetikk. Søk i Retriever databasen og Nasjonalbibliotekets avisdatabase viser at omgrepet presseetikk først vart teke i bruk etter 1945, og først i 1960-åra er presseetikk det vanlegaste omgrepet. Så seint som i 1966 i Olaf Solumsmoens bok om Pressas faglege utval⁶⁹ er omgrepet «presse-etikk» knytt til etisk røkt i andre land, og ikkje i Noreg. I Torbjørn Wales første lærebok i journalistikk i 1978 vert omgrepet presseetikk teke for gjeve.⁷⁰

Norsk presse gjennom Norsk Presseforbund diskuterte rett nok saker som vi i dag ville kalle presseetiske spørsmål også i mellomkrigstida. I 1928 vart det oppretta eit fagleg utval som skulle ha som oppgåve å vurdere presseetiske spørsmål. Utvalet fekk i 1936 ein «plakat». Han var nokså kort og omtalte berre nokre få tema som særleg omhandlar kriminalsaker. Og utvalet fekk også retningslinjer for korleis dei skulle arbeide.

Så då Hans Aarnes skreiv lærebøkene sine i 1920-åra, var det før presseetikken hadde blitt formalisert i særleg grad. Aarnes oppdaterte heller ikkje 1943-boka med spørsmål som eksplisitt gjaldt presseetikk.

Vi kunne ha vente at presse-moral vart omtala av Aarnes og Just, men det omgrepet finn vi heller ikkje som tema i nokon av bolkane deira. Det var kanskje for tidleg å vente at lærebøker utgjevne i 1943 og 1947 skulle dekke presseetiske spørsmål i særleg grad.

Ein mogleg grunn til at Aarnes og Just tilsynelatande hoppar bukk over presseetikken, kan vere at det presseetiske arbeidet var såpass nytt og hadde hatt så få saker at det var vanskeleg å vite kva ein skulle skrive om det. Men det er i grunnen rart at Ver varsam-plakaten frå 1936 ikkje blir nemnd av dei to forfattarane. Plakaten hadde i 1936 berre nokre få punkt, og var mest konkret på det som handla om kriminalsaker.⁷¹ Det er også mogleg at presseetikken rett og slett ikkje var eit særleg viktig tema i den tids journalistiske debattar.

Ei meir personleg forklaring kan vere at Aarnes sjølv hadde svært dårlege erfaringar med Norsk Presseforbund og det faglege utvalet og kanskje ikkje hadde særleg lyst til å omtale dei i det heile. I ein relativt skarp kommentar til si eiga sak som redaktør i *Agder Tidend* kalla Aarnes det faglege utvalet for eit «misfoster med berre eitt auga», i det som truleg var den aller første presseetiske fellinginga i Noreg⁷².

Vi finn ikkje spor av Carl Just i diskusjonar om eller i saker som gjeld presseetikk eller presse-moral i *Journalisten* eller *Dagspressen*. Lars Arve Røssland meiner at Carl Just plasserte seg i ein slags trygg mellomposisjon i forhold til den linja som det faglege utvalet i pressa utvikla. Men det har eigentleg ikkje vorte gjort nokon nærare studiar av dette.⁷³

Fakta og kommentar

I *Bygdemeldaren* er Aarnes svært tydeleg på at journalisten ikkje skal la sine egne meiningar skine gjennom når det vert skrive eit opprit (referat). Aarnes skriv:

«Kva meining oppritaren sjølv har om saka bør han ikkje skriva i oppritet. Vil han ha sagt noko om det, lyt han skriva eit serskilt stykke med namnet sitt under.»⁷⁴

Aarnes tek altså i 1922 for gjeve at det skal vere eit skilje mellom fakta og kommentar, og er både kategorisk og tydeleg på dette punktet.

I den første Ver varsam-plakaten i 1936 vart ikkje dette omtala, men i neste versjon av plakaten i 1956 står det: «Oppretthold et klart skille mellom nyheter og kommentarer (...)» Dette har i ettertida stått som ei norm i norsk presse i alle revisjonar av plakaten i seinare år. I dagens versjon står det: «Gjer klart kva som er faktiske opplysningar, og kva som er kommentarar.» Akkurat denne formuleringa har stått sidan 1975.

Det kunne tenkast at 1956-formuleringa berre var ei skriftfesting av innarbeidd praksis i pressa. Plakaten frå 1936 var jo nokså knapp og mest fokusert på kriminalstoff. I så fall kunne vi vente at også Carl Just delte oppfatninga om at det skulle skiljast mellom nyhende og kommentar.

Men kva skriv så Carl Just i 1947? Just skriv for det første svært mykje om referatet som sjanger i avisa, og seier det utgjør størsteparten av innhaldet i dei fleste aviser. Men korleis skal referatet

formidlast? Her innfører Just omgrepsparet farga og ufarga referat. Just presenterer dette som fakta om journalistikk og meiner at for lesarane er dei sidestilte: «At de begge [typer referat] har sine velyndere, er sikkert nok.»⁷⁵

Men når det gjeld rettsreferat, er Just klinkande klar: «La aldri Deres personlige mening, innstilling eller følelser komme til uttrykk i rettsreferat.»⁷⁶

Vi ser her ein skilnad på Aarnes og Just ved at Aarnes er normativ og klar på at referatet (opp-ritet) ikkje skal vere farga, for å bruke Justs omgrep. Just er på si side meir deskriptiv og seier at aviser er ulike på dette området, med unntak av i rettsreferat. Så kan vi lure på om det er klart for lesarane om eit referat er farga eller ikkje.

Just er likevel ikkje heilt tydeleg. Just meiner at referatet ikkje er like utfordrande eller verdifullt som nyhendestoffet. Referatet er jo stort sett om varsla hendingar, og ikkje resultatet av nyhende-jakt. Så det er mogleg at Just ikkje reknar referatet som god eller viktig journalistikk.

Men det kan sjå ut til at Aarnes i 1922 var meir «moderne» i sine journalistiske normer enn Carl Just var i 1947.

Intervjuet

I moderne språkbruk snakkar vi mest alltid om intervju, men som vi har sett, hadde Aarnes også som ambisjon å innføre ein (ny)norsk terminologi for mediearbeid. Omgrepet som vart nytta for intervju, var samrøda – som er nærliggande samtalen. I *Norsk Allkunnebok* (band 6: 730) er omgrepet intervju nytta. «Samrøda» finn vi berre som eit synonym til «passiar» (band 9: 301).

Når skal ein bruke intervju? Aarnes og Just ser ut til å vere nokså samde om at intervjuet ikkje var den vanlegaste formidlingsforma i avisa.

Når det dukkar opp nye og sjeldfengde spørsmål i bygda er folk jamt forvitne etter å høyra forarane si meining om saka. Bygdeforarane for ymse saker plar vera ordførar, prest, lærar, lensmann, formann i mållag, bondelag, ungdomslag o.s.b.⁷⁷

Vi ser her at Aarnes vil reservere intervjuet for særleg viktige eller spesielle hendingar – men han har også ei klar eliteorientering i val av intervjupersonar eller kjelder.

Carl Just (1948) gjev eit historisk tilbakeblikk på intervjuet som formidlingsform i norsk presse og tidfestar starten til 1880 og framhevar særleg Christian Krohg som ein førebiletleg intervjuar. Men når det gjeld samtida, er Just kritisk til utviklinga og dagens (den tids) praksis:

(...) men snart utartet det – intervjuformen ble mer og mer misbrukt. I dag er vi kommet dit at intervjuets idé er forfusket. Alt skal nå meddeles i form av 'samtaler'. Såsnart (sic!) en journalist har snakket med en mann (eller en kvinne) om et eller annet så skal samtalen fluksens refereres så å si stenografisk. Det er fullstendig meningsløst.⁷⁸

Carl Just vil helst at intervjuet som formidlingsform skal brukast «(...) bare når det gjelder «portrettering» av en person eller gjengivelse av særlig viktige uttalelser.» Det ser altså ut til at Aarnes og Just har den same vurderinga: Intervjuet skal brukast i særleg viktige samanhengar.

Hans Aarnes og Carl Just har same oppfatning av korleis eit intervju skal formidlast – og det er ikkje ordrett, men poengtert. Måten dei omtalar redigeringa på, fortel også mykje om den (språklege) bakgrunnen til dei to lærarane. Aarnes vil «kvista bort mindre viktige ting»:

Ein lyt få med heile og rette opplysningar og kvista bort mindre viktige ting, så kjerna kan koma dess klårare fram. Innleiing til samrøda trengst ikkje. Ein går beint på saka med ein gong og let den utspurde tala.⁷⁹

For det første skriv Aarnes at dei som blir intervjua, altså blir kjelder for journalisten, må gjerast merksame på at det dei seier, kan bli publisert.

Det andre punktet handlar om gjennomlesing av intervjuet, men også faktisk om «godkjenning» av manuskriptet. Dette er formulert i svært fortetta form, og ein kan ikkje heilt vite kva denne godkjenninga skal bety i praksis. Også i dag er sitatsjekk eit vanskeleg punkt i pressetikken, men etter dagens regelverk skal sitatsjekk «primært» sikre korrekte opplysningar og å unngå faktiske feil.

Aarnes held vidare fram med formuleringar som kan gå rett inn i førebiletleg praksis, slik det seinare blir formidla blant anna i Ver varsam plakaten, men også rett inn i spørsmål som den dag i dag blir diskuterte i journalistikken:

Bygdemeldaren kan t.d. beda ordføraren om ei samrøde og såleis få hans meining om saka. Men meldaren bør segja til den han spør ut, at det er tanken samrøda skal kome på prent. Vil dei utspurde sjå gjennom samrøda når ho er reinskriven, bør han få høve til det. Elles er det i alle høve tryggaste at den utspurde ser igjennom og godkjenner manuskriptet før det vert sendt til bladet»

Just er inne på desse spørsmåla i brevet som handlar om intervju. Just skriv at ved intervju med «særleg viktig og ømtålig innhold» så bør journalisten lese gjennom og signere manuskriptet før det blir avlevert til setteriet. Og om det er mogleg, så kan intervjuet også takast opp på «diktafonrulle eller lydband (sic!) uten at den intervjuede aner det eller merker det.»⁸⁰

Det er helst i heilt spesielle tilfelle at det vert gjort opptak av samtalar «uten at intervjupersonen aner det», eller som det står i dagens plakaten: «Skjult kamera/mikrofon eller falsk identitet skal berre brukast i unntakstilfelle», men den regelen gjeld vel helst samtalar der journalisten ikkje sjølv er med.

Parti og presse

Aarnes og Just arbeidde som avisjournalistar i mellomkrigstida i Noreg, ca. 1910–1940. Dette var kanskje epoken der partipressa som system var på høgda når det gjeld talet på aviser, og mellomkrigstida var også prega av sterk polarisering. Konfliktlinjene gjekk særleg mellom eit meir eller mindre revolusjonært Arbeidarparti på den eine sida og fleire borgarlege parti på den andre sida, der Høgre, men særleg Venstre, opplevde å bli kløyvd i nye parti: først Bondepartiet og seinare også Kristeleg Folkeparti. Oppi denne situasjonen kom også rørsla Fedrelandslaget, som hadde som kongstanke å samle dei borgarlege partia i ein allianse mot Arbeidarpartiet.⁸¹

Aarnes og Just hadde hatt sine karrierar i borgarlege aviser som var ein del av eit system der parti og presse var nært samanknytte – men som likevel i større eller mindre grad var sjølvstendige andsynes partia. Dette sette naturlegvis viktige rammer for journalistikken. Korleis omtalar dei dette i bøkene sine?

Vi kan studere det ved å sjå på korleis Aarnes og Just omtalar leiarartikkelen.

Hans Aarnes omtalar leiarartikkelen i bolken «Bladstyraren» (redaktøren). Aarnes forventar at redaktøren skal prioritere å skrive leiarartiklar, sjølv om det var både godt og gale å ha ein dagleg leiarartikkel. Det var ikkje alle dagar det var så mykje å meine noko om. Aarnes forventa at



Carl Just teikna av Ulf Aas. Her gjengitt i Programbladet, august 1983.

leiarartikkelen skulle vere dagsaktuell, og føremålet med han kunne vere:

Å brøyte nye vegar i næringsliv og kulturliv, peika på ombøter i lovgjeving og styringsverk, og kalla til vakt om fridom, sanning og rettferd.⁸²

Aarnes teiknar dermed eit bilete av ein avisredaktør som er sjølvstendig. På same stad går Aarnes nærare inn på forholdet til partiet. Han skriv kanskje på sitt beste når han målar ut om korleis avisredaktøren både må snakke om politikk på nye område for partiet og samtidig passe på å drive partiet framover. Aarnes hadde ikkje mykje til overs for aviser eller leiarartiklar som berre var partiløjale:

Men den bladstyraren som berre held partiførarane i trøyesnippene og klappar når dei gjer noko, han legg ikkje ein tume til voksteren kor-
kje for partiet eller samfunnet.⁸³

Når det gjeld utforming av leiarartikkelen, presenterer Aarnes ein enkel disposisjon i tre delar: fakta, logikk og konklusjon.

Carl Just skreiv om leiaren i brev nummer 8, «Lederen, kåseriet og essayet», altså meningsstoff og innhald av meir personleg karakter. Just legg stor vekt på leiarartikkelen og framhevar kor viktig han er for avisene. Leiarartikkelen skal vere eit føredøme i politisk debatt og er avisas fremste artikkel. Som Aarnes ser det ut til at Just reknar leiarartikkelen først og fremst som avisas røyst – og ikkje partiets røyst. Men Just bringer ikkje forholdet til avisas «eige» parti inn i diskusjonen omkring leiarartik-

kelens rolle. Faktisk omtalar ikkje Just parti og partistridar i det heile i bøkene sine. Det kan tolkast som ein måte å unngå å snakke om vanskelege spørsmål på, for i ei tid der mest alle aviser var tilknytte parti på ein eller annan måte, så var det eit viktig rammevilkår for journalistar og journalistikk.

Organisasjonsarbeid, PR og kommunikasjon

Hans Aarnes var definitivt aktiv i organisasjonslivet innanfor målrørsla. Organisasjonsarbeid og politikk var ein høgst normal aktivitet for journalistar og redaktørar i mellomkrigstida. Aarnes var ein aktiv påverkar i ulike samanhengar i målrørsla gjennom Bladmannelaget, som også var representert på landsmøta i Noregs mållag. Seinare vart han sekretær i Norsk måldyrkingslag, han sat

Tekst og foto:
HAAKON BLAAUW

Fra børs-journalist til pionér

Tilfeldigheter kan dukke opp over alt — og for alle. Ofte har de også en mening. Det har blant andre redaktør Carl Just fått erfart. Ette for det. Tilfeldighetene alene har nok ikke bragt Just inn på den bane han senere er blitt så kjent for. Nei, han tilstær ærlig et journalistikken hadde stort drag på ham allerede tidlig i ungdomsårene, men det var nå musikken — og i særdeleshet fiolinen — han ellers skjenket sine interesser og evner. Den allsidige pressemannen har som kafesmusiker traktet fiolinen — ja, selv i en halv-årlig pause mellom to avisstillinger var fiolinen god å ty til. Det skjedde forevrig på Hotel Norge i Bergen. Gjæster i tre saler kunne høre samtidig.

Vel, man blir nå en gang ikke journalist ved en ren og skjær tilfeldighet. I alle fall ikke journalist med slik lidenskap og glød som holder seg ung og vital, tross alderstyggele.

Nå påstår redaktør Just at tilfeldigheter ofte har spilt avgjørende inn i hans liv. Hadde han tilfeldigvis ikke truffet Johan Hvidsten i et privat selskap hadde han kanskje aldri havnet i Dagbladet — og derved startet sin journalistiske løpebane. Hadde redaktør Just tilfeldigvis ikke truffet radhusarkitekt Arneberg på gaten akkurat den dagen, hadde han kanskje ikke fått anledning til å forfatte en bok om Oslo Radhus. Hadde ikke Just tilfeldigvis truffet direktør Ernst G. Mortensen på trikken akkurat den formiddagen, hadde han kanskje aldri fått den glede å bli tilknyttet Norsk Korrespondantsskole som lærer i skolens kurs om journalistikk. Hadde ikke Just tilfeldigvis — — — ja, slik kan vi fortsette ganske lenge. Redaktør Just og tilfeldigheter hører tilfeldigvis sammen. Men for et faktum må tilfeldigheten tross alt vike. Carl Just runder søndag 70 år — men som pensjonist har han hendene fulle blant annet med etterutdannel-



sesskurser for pressefolk, som sekretær i Rikskyrkesutvalget og journalistoppfølgingen, herer ved NKS der han snart venter sin 3000. bok — blant annet en om Norsk Spiseregnskap.

Personlig tror jeg ikke pressemann blir direkte overbegeistret når de hører at den eller den av deres kolleger ble journalist ved en ren tilfeldighet. Det smaker faktisk vanskeligheten av slik form for anerkjennelse! Nei, man må selvsagt være den fødte journalist — slik det også ofte uttrykkes i slang og i tale. Akkurat som med glassmøster dersom man ikke født til det — utstyrt med nettopp det håndlag som kreves for et slikt yrke! Forresten, den ydelsen er av sikkerhets tungen blitt tillagt en helt annen betydning, så det springer ut bulk over!

Selv om man er den fødte pressemann, må man likevel oppføres i yrket. Nettopp her er det at redaktør Just har fått lov å virke. Etter siste krig har han ofret seg for journalistutdanningen her i landet. Først som leder av en rekke presseskoler, så etter som undervisningsleder ved Journalistakademiet i årene 1931—1934. Da akademiet ble oppløst og startet var Norge faktisk et nordisk foregangsland for journalistoppfølging. Senere har våre naboland fått igjen ferspranget og gått forbi. I dag har vi fått en statlig journalistutdanning, men denne hadde vi neppe hatt om ikke Journalistakademiet under redaktør Just's ledelse hadde vist vei.

Hvordan var oppkomsten til Journalistakademiet?

Da krigen sluttet kom det mange unge og nye inn i norsk presse. Ungdom som under krigen kanskje ikke hadde fått sin kunnskapstrang tilfredsstillt. Både fra Norsk Presseforbund og Norske Avisers Landsforbund ble det gitt uttrykk for at disse burde få anledning til å bli opplært i journalistikk. Det ble nedlagt en komité med redaktør Per Chr. Andersen i ålpenposten som formann, og over til side 18.

Carl Just, "ung og vital" på 70 år, portrettert av tidlegare elev Haakon Blaauw. Lofotposten 9. September 1967.

ei tid i styret for Det Norske Teatret og hadde i tillegg ei mengd andre verv. I alle disse sammenhengene publiserte Aarnes ulike meningsytringar – med eller utan den talarstolen som ein avis-redaktør disponerer.

Men Aarnes dreiv også Bladmannaskulen som eit kommersielt tiltak, utan at vi veit kor mykje pengar som kom ut av det. Vi finn også døme på at Aarnes skreiv oppbyggelege reiseskildringar. I 1930 skreiv han til og med ein reportasje på riksmål om ein tur med cruiseskipet Stella Polaris frå Bergen.⁸⁴

Carl Just var i liten grad synleg i politiske samanhengar, og eg har ikkje funne spor av at han har hatt meiningar om pressefaglege spørsmål gjennom meningsytringar i *Journalisten* eller *Dagspressen*.

Men Just var ein svært produktiv skribent og dreiv stort i det vi i dag ville kalle kommunikasjonsarbeid, parallelt med at han arbeidde som lærar på Journalistakademiet. Eit hefte kalla *Publikasjoner skrevet av og/eller redigert av Carl Just* er på 21 sider og har 111 oppføringar av mange ulike sjangrar.⁸⁵ For pressefolk eller journalistlærarar i dag er det nok litt uventa å sjå at Just tok på seg svært mange oppdrag som i dag ville bli kalla informasjons- eller kommunikasjonsjobbar. Som til dømes å redigere eller skrive jubileumsskrift for bankar og andre bedrifter og katalogar for Norsk varemesse. Og dette gjorde han samtidig som han dreiv journalistutdanning for NKS og i Journalistakademiet.

Like, men ulike?

Hans Aarnes og Carl Just var dei to første journalistlærarane i Noreg. Dei hadde ikkje ulik profesjonell bakgrunn ved at begge hadde arbeidd i mange ulike aviser, dei budde samtidig i Bergen og samtidig i Oslo, men Aarnes kom tidlegare til leiande posisjonar i fleire aviser. I den «vaksne» delen av karrieren gjekk begge frå avisbransjen til vekebladbransjen. Den mangfaldige Aarnes starta eit blad- og bokforlag, medan bokelskaren Carl Just markerte seg som boksamlar.

Sosialt og kulturelt sett synest det vere svært stor skilnad mellom bondesonen, norskdomsmanen og kremmaren Aarnes og sprog- og bokelskaren og fiolinisten Just. Aarnes var ein hardt arbeidande målmann all sin dag og stod i mange stridar – både i pressa og i målrørsla. Just var nok langt betre på nettverksbygging, også internt i pressa. I 1960 døydde Hans Aarnes og vart kanskje gløymt. Same året fekk Carl Just Norsk Presseforbunds heidersteikn i gull.⁸⁶

Men begge var dei engasjerte i journalistutdanning, både gjennom brevsular og heiltidsutdanningar. Igjen var Aarnes tidlegast ute og starta Bladmanskulen som 34-åring i 1919, medan Just først i 1943 som 52-åring startar journalistkurset i regi av NKS. Seinare blir han ein nøkkelperson i Journalistakademiet, planlegginga av Norsk Journalistskole og til sist i den nasjonale lærlingordninga for journalistar frå 1965. Just hadde då passert 70 år.

Begge skreiv lærebøker (handbøker) i journalistikk. Hadde dei like idear om journalistikk slik det kjem fram av bøkene? Vi har sett på dette ved å samanlikne bøkene deira og delvis andre kjelder.

- Aarnes og Just er like ved at dei ikkje omtalar spesifikt presseetikk og heller ikkje «pressemoral», som vel ville vore det vanlegaste samtidige omgrepet. Her ser vi stor skilnad mellom Aarnes/Just og nyare lærebøker i journalistikk og journalistutdanning.
- Når det gjeld forholdet mellom parti og presse så handsamar Aarnes dette som ei utfordring i kvardagen, men kanskje mest for redaktøren og i meningsstoffet, leiarartikkelen. Just skriv glødande om korleis ein agiterande leiarartikkel skal skrivast, men går i mindre grad inn på dilemma som dette reiser i kvardagen som redaktør.
- Aarnes er nokså klar på at det må skiljast mellom fakta og kommentar, i tråd med det som har vore god presseskikk i svært mange år. Just er meir vag på dette punktet og aksepterer det «farga» referatet på lik linje med det ufarga referatet – med unntak av i rettsreportasjen, der det skal vere ufarga.
- Både Aarnes og Just vil berre bruke intervjuet ved viktige hendingar, og har nokså like idear om føremålet med intervjuet. Dei er begge nyhendeorienterte. Aarnes er korthoggen og konsis også i handbøkene sine. Sett litt på spissen er Just svært ordrik når han poengterer at journalisten må skrive kort og konsist.

Kvifor vart så Just hugsa og Aarnes stort sett gløymd, sjølv om Aarnes på alle måtar både var tidlegare ute og på mange vis var meir moderne enn Just og dessutan var aktiv i pressedebattane i mellomkrigstida – debattar som Just var usynleg i?

Den enklaste forklaringa er nok at Aarnes skreiv på nynorsk og var ein nynorskforkjempar. Det førte truleg til ei form for utskiljing frå «normalen» i pressa, som var bokmål, om vi kan låne eit bilde frå Grepstad.⁸⁷ Just på si side levde 30 år lenger enn Aarnes og kunne gjennom bøkene sine om journalistikk skrive ein versjon av historia om norsk journalistutdanning med seg sjølv ikkje berre i hovudrolla, men som solofiolinist.

Noter

- 1 Bastiansen 2006
- 2 Roppen 2024
- 3 Just 1947, 1954, 1955, 1968
- 4 Ottosen 1997
- 5 Bastiansen 2006
- 6 Bastiansen 2006
- 7 Fonn 2015: 23
- 8 Roksvold 2005: 110
- 9 Grepstad 2010b, 2010a
- 10 Kjeldematerialet er tilgjengeleg i Spesialsamlingane til Universitetsbiblioteket i Bergen i «Stridsarkivet» Box18 og i «Hannaas Box xxi Bladmannaskulen», jf. også Roppen 2024.
- 11 Omgrepet «bladmann» var i mange år synonymt med journalist, både på bokmål og nynorsk, og vi har også sett same bruken på engelsk: «newspaper men». Omgrepet omfatta nok også redaktørar. Mange små aviser hadde gjerne berre éin redaksjonelt tilsett, som då hadde tittelen redaktør, men som nok brukte mest tid på skrivande journalistikk.
- 12 Dingsøy mfl. 1938; Roppen 2024; Sunnanå 1971
- 13 Aarnes 1922, 1925b, 1926, 1928, 1943a
- 14 Dette er også omtala i Roppen 2024.
- 15 Bastiansen og Dahl 2019; Eide 2000; Fonn 2015; Ottosen 1996
- 16 Grepstad 2010a, 2010b, 2022
- 17 Ottosen 1997
- 18 Bastiansen 2006
- 19 Jarlbrink 2009
- 20 Gardeström 2011
- 21 Ein av dei første tilsette på Institutt for presseforskning var Anita Werner, som blant anna vart brukt som rådgjevar ved etableringa av Medielinja ved Distriktshøgskulen i Volda (Alme 1997: 11).
- 22 Som eit apropos – eller kuriosum – kan det nemnast at forfattaren av denne artikkelen i 1991 hadde fagleg interesse for denne tematikken og hadde korte samtalar med Kjell Aarnes (son til Hans Aarnes) og med Ludvig Jerdal (seinare leiar for Bladmannalaget). Samtalane vart diverre ikkje følgde opp før no, om lag 30 år etterpå. Og både Aarnes og Jerdal og mange andre kjelder har vore døde i mange år.
- 23 Dagen, 25. oktober 1919, side 3
- 24 Just rekna seg som riksmålsbrukar, men stod ikkje fremst på barrikadane i språkstriden. Eg har funne berre éi kjelde som viser at han har bidrege for Riksmålsforbundet (Just 1926), og det kan hende at i den aktuelle referansen var Just meir ein sekretær som framførte andre meiningar enn sine egne.
- 25 Sande 2002
- 26 Annonse for Aarvak i Møre, 2. april 1910. Bladet Aarvak hadde skiftande eigarar og flytta seinare til Ulsteinvik før det (Høeg 1973: 593–594)
- 27 Aarnes 1907, 1908, 1913, 1924, 1933, 1943b
- 28 Aarnes 1920, 1930, 1947, 1957 og 1959
- 29 Aarnes 1910, 1911
- 30 Just 1971
- 31 Just 1971: 20–21
- 32 Just 1971: 25

- 33 <https://www.digitalarkivet.no/census/person/pf01074034057104>
- 34 Bergens presseforening 1933: 26
- 35 Folketeljinga for 1920 er digitalisert. Data om pressemiljøet omfatter kommunane Bergen, Fana og Laksevåg.
- 36 Aarnes 1920, 1925a
- 37 <https://www.digitalarkivet.no/nn/view/387/pc00000002209259>
- 38 <https://www.digitalarkivet.no/nn/view/8/pe00000000743114>
- 39 Dingsøy mfl. 1938: 31
- 40 Nationen, 9. mai 1931
- 41 Brev til sousjef A. Skåsheim (Vestlandsbanken), New York, 9. (januar?) 1954
- 42 «[Kjell Aarnes] 60 år». Fædrelandsvennen, 20. juni 1983. Kjell Aarnes arbeidde i fleire år som forlagssjef i Fonna. Seinare arbeidde han også i Noregs Eksportråd. Han var også medlem av Oslo bystyre.
- 43 «Bergens Journalistforeining», Bondebladet, 12. mars 1923, side 2
- 44 Just 1954
- 45 Roppen 2025
- 46 Aarnes følgde si tids språkbruk og omtala dette som problem med «pressemoralen».
- 47 Fonn 2015
- 48 Blom 1973
- 49 Bladmannaskulen 1933
- 50 Aarnes 1943a
- 51 Just 1947
- 52 Eit par andre norske bøker frå same tida bør også nemnast. Mathilde Ofte dal skreiv boka «Slik blir avisen til» (Ofte dal 1947), og Høires pressekontor kom med ei handbok eller lærebok i avisdrift (Valvik 1950).
- 53 Just 1947
- 54 Sitatet er henta frå NKS / Justs brevkurs i journalistikk (Just 1947, brev 2: 9).
- 55 Just 1968:39
- 56 Just 1968: 39
- 57 «Lederen», [føredrag Av Redaktør Johs. Lavik på pressekurs på Solstrand], Dagspressen, nr. 1 / 1948, side 3–4
- 58 Just 1947, 8. brev: 3
- 59 Aarnes 1943a: 29
- 60 Brev på Journalistakademiets brevpapir til «Salgssjef Hans Aarnes», datert 25. februar 1958. I mappe med ymse dokument i Fonna forlags lager. Lese/skanna 20. september 2023.
- 61 Gerhard Kjølsås: «På avisrakken i Skien – Odda – Bergen» (del 2 i biografi om Hans Aarnes), Gula Tidend, 25. april 1964
- 62 Carl Just gav også bøker i gåve til etterutdanningsinstitusjonen Institutt for journalistikk. Det skal ha vore snakk om 7000 band (Andenæs 2006: 140). Biblioteket til Institutt for journalistikk (IJ) vart ikkje med til Oslo då IJ flytta frå Fredrikstad.
- 63 Ottosen 1997; Roppen 2024
- 64 Bladmannaskulen 1923, 1933, 1936, 1941
- 65 Aure og Aarnes 1923
- 66 Artikkelen har tittelen «Åndskulturen og folket» og stod på trykk i Verdens Gang (Just 1947, brev 9: 11–12).
- 67 Dei ulike versjonane av Ver varsom-plakaten er tilgjengelege på nettsidene til Norsk Presseforbund: <https://pfu.presse.no/vaer-varsom-plakaten/arkiv>
- 68 Just 1947, brev 3
- 69 Solumsmoen 1966

- 70 Rett nok skriv ikkje Wale så mykje om presseetikk, og han viser til at Hans Andreas Ihlebæk nett hadde kome ut med eiga bok med tittelen «Lov og etikk i journalistikk» (Ihlebæk 1977).
- 71 1936-plakaten er blant anna å finne i Solumsmoen (1966: 24–25).
- 72 Roppen 2025; Solumsmoen 1966: 38–42
- 73 Røssland 1999: 132 og 206
- 74 Aarnes 1943a: 68
- 75 Just 1947, 7. brev: 2–3
- 76 Just 1947, brev 7: 13
- 77 Aarnes 1943: 75
- 78 Just 1948:38
- 79 Aarnes 1943: 75
- 80 Just 1947, 6. brev: 5
- 81 Furre 2000; Norland 1973
- 82 Aarnes 1943a: 27
- 83 Aarnes 1943a: 20
- 84 Aarnes 1930
- 85 Just 1972
- 86 Norsk presseforbund 1967: 90
- 87 Grepstad 2010b

Litteratur

- Alme, B. (1997). Utdanning mot alle vindar. I B. Alme, J.P. Vestad, og Ø. Sande (red.), *Mot alle vindar: Mediefag i Volda 1971–96*, s. 5–33. Volda: Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag. Andenes, I. (2006). *Ord og gjerning: Thorbjørn Wale – kriger og brobygger*. Kristiansand: Institutt for journalistikk
- Aure, A., og Aarnes, H. (1923). *Norskt Bladmannelag gjennom 10 aar—1913–1923. : Dei norske bladi gjennom 65 aar 1858–1923: Biografier av norske bladmenn*. Bjørgvin: [Norsk Bladmannelag]
- Bastiansen, H.G. (2006). «Referenten må alltid være på vakt » – Carl Just og norsk journalistutdanning 1943–1965. *Norsk medietidsskrift*, 12(4), 309–324. <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-2005-04-03>
- Bastiansen, H.G., og Dahl, H.F. (2019). *Norsk mediehistorie* (3. utgave.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergens Presseforening. (1933). *Bergenske presseorganisasjoner: Skrift til 25-årsdagen for stiftelsen av Bergens journalistforening*. Bergen: Bergens Presseforening.
- Bladmannelag. (1923). *Plan for brevbytteskeid*. Kristiansand: Bladmannelag
- Bladmannelag. (1933). *Plan for brevbytteskeid*. Kristiansand: Bladmannelag
- Bladmannelag. (1936). *Plan for brevbytteskeid*. Oslo: Bladmannelag
- Bladmannelag. (1941). *Plan for brevbytteskeid*. Oslo: Bladmannelag
- Blom, I. (1973). *Kampen om Eirik Raudes land: Pressgruppetpolitikk i grønlandsspørsmålet 1921–1931* [Doktoravhandling i historie, Universitetet i Oslo]. Oslo: Gyldendal.
- Dingsøy, P., Andersson, A., Tveite, J., og Skeidsvoll, A. (red.). (1938). *Norske bladmenn og norske blad: 25 års skrift for Norsk bladmannelag og ei 80 års norsk bladsoga*. Bergen: Lunde.
- Eide, M. (2000). *Den redigerende makt: Redaktørrollens norske historie*. Kristiansand: IJ-forl.
- Fonn, B.K. (2015). *50 år med journalistutdanning: En historie om akademiseringen av et yrkesfag*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.

- Furre, B. (2000). *Norsk historie 1914–2000: Industrisamfunnet—Frå vokstervisse til framtidstvil*. Oslo: Samlaget.
- Gardeström, E. (2011). *Att fostra journalister: Journalistutbildningens formering i Sverige 1944–1970* [Doktoravhandling, Daidalos]. Stockholm: Stockholms Universitet
- Grepstad, O. (2010a). *Avisene som utvida Noreg: Nynorskpressa 1850–2010*. Oslo: Samlaget.
- Grepstad, O. (2010b). Utskild og integrert: Nynorsk presse 1880–1945. I R. Ottosen (Red.), *Norsk presses historie: B. 2: Parti, presse og publikum: 1880–1945*: (s. 195–225). Oslo: Universitetsforlaget
- Grepstad, O. (2022). *Bokhistorier: Bøker, forfattarar og forlag i norsk skriftkultur*. Volda: Grepstad skrivers.
- Høeg, T. (1973). *Norske aviser 1763–1969: En bibliografi: 1: Alfabetisk fortegnelse*. Oslo: Universitetsbiblioteket i Oslo.
- Ihlebak, H.A. (1977). *Lov og etikk i journalistikk: Pressen, kildene og leserne*. Fredrikstad: Institutt for journalistikk.
- Jarlbrink, J. (2009). *Det våras för journalisten: Symboler och handlingsmönster för den svenska pressens medarbetare från 1870-tal till 1930-tal* [Doktoravhandling, Mediehistoriskt arkiv, 11]. Linköping: Linköping Studies in Arts and Science.
- Just, C. (1926, oktober 9). Den nye rettskrivning bør ophæves. *Riksmålsbladet*, 15 (47), s. 4.
- Just, C. (1947). *Journalistikk*. Oslo: Norsk Korrespondanseskole
- Just, C. (1954). *Spesialutdannelse av journalister*. København: Berlingske.
- Just, C. (1955). Norsk journalistutdannelse. *Samtiden*, 64(9), 589–597.
- Just, C. (1968). *Avisen og journalisten: En bok for vordende journalister*. Oslo: Mortensen.
- Just, C. (1971). *Med penn og bue: Av en pressemanns erindringer*. Oslo: Mortensen.
- Just, C. (1972). *Publikasjoner skrevet og/eller redigert av Carl Just 1914–1972*. Oslo: Dreyer.
- Norland, A. (1973). *Hårde tider: Fedrelandslaget i norsk politikk*. Oslo: Dreyer.
- Norsk Presseforbund. (1967). *Pressefolk: Biografiske opplysninger om Norsk Presseforbunds medlemmer: 1967*. Oslo: Norsk Presseforbund.
- Oftedal, M. (1947). *Sånn blir avisen til: Med bilder og kontrollspørsmål* (Bd. 78 – Fagbiblioteket fri lesning). Oslo: Cappelen.
- Ottosen, R. (1996). *Fra fjærpenn til Internett: Journalister i organisasjon og samfunn*. Oslo: Aschehoug [.] I samarbeid med Norsk Journalistlag.
- Ottosen, R. (1997). Akademisk, kommersiell eller distriktspolitisk?: Journalistutdanningens jakt på identitet. *Norsk medietidsskrift*, 4(1), 83–108. <https://doi.org/10.18261/ISSN0805-9535-1997-01-05>
- Roksvold, T. (2005). *Var avisspråket bedre før?: En metodetriangulert studie av normendringer i norsk avisspråk på 1900-tallet*. Oslo: Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Roppen, J. (2024). Bladmannaskulen: Den første norske journalistutdanninga. *Mediehistorisk tidsskrift*, 1, 84–113.
- Roppen, J. (2025). Den første felling: Anders Lange og Agder Tidend (1932). *Mediehistorisk Tidsskrift*, 43(1), 72–111.
- Røssland, L.A. (1999). *Presseskikkens samtale : samtaleposisjonar for Norsk Presseforbund sitt faglege utval: 1930–1972*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sande, Ø. (2002). Aarvak – eit lite avisdrama i tre akter. *Tidsskrift for Sunnmøre historielag* 78, 9–25.
- Solumsmoen, O. (1966). *Vær varsom redaktør: Norsk Presseforbunds faglige utvalg gjennom 50 år*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sunnanå, O. (1971). *Brevskuleopplæring på nynorsk gjennom 50 år: Bladmannaskulen, Framskulane, Fram brevskule*. Oppdal: Olav Snøfugl.

- UNESCO (1958). *The training of journalists. A world-wide survey on the training of personnel for the mass media*. Paris: UNESCO.
- Valvik, P. (1950). *Avisredaksjonen: Håndbok for journalister i Høires presse*. Høires landsstyre.
- Aarnes, H. (1907). *Sundagskveld: Spelstykkje i ei vending*. Molde
- Aarnes, H. (1908). *Ungdomsvegar: Spel i tvo vendingar*. Aalesund
- Aarnes, H. (1910). *Kva vinning kan bondefolket venta av maalbladi?* : Foredrag 25.sept. 1910.
- Aarnes, H. (1911). *Kva vinning kan bondefolket venta av maalbladi?* : Foredrag [25.sept. 1910] av Hans Aarnes (2.uppl.-8. tus.). Kosta av Aarvak.
- Aarnes, H. (1913). *Ungdomsvegar: Spel i tvo vendingar* (2. utg.). Kristiania: Norli.
- Aarnes, H. (1920). *Journalistskular i Amerika*. Bjørgvin: Norsk Bladmannelag.
- Aarnes, H. (1922). *Bygdemeldaren: Handbok for bladmeldarar i bygdene*. [Bergen: Bladmannaskulen]
- Aarnes, H. (1924). *Ungdomsvegar: Spel i tvo vendingar [1924]* (3. utg.). Oslo: Norli.
- Aarnes, H. (1925a). *Den norske pressa i Amerika: Og ein glytt innum døri til amerikanske storblad* [Kristiansand: Bladmannaskulen]
- Aarnes, H. (1925b). *Den utsende medarbeidaren*. [Kristiansand: Bladmannaskulen]
- Aarnes, H. (1926). *Bladstyraren*. [Kristiansand: Bladmannaskulen]
- Aarnes, H. (1928). *Bladdrift: Den økonomiske sida*. [Kristiansand: Bladmannaskulen]
- Aarnes, H. (1930). Med «Stella Polaris» til Middelhavet. I Nordmands-Forbundet (s. 13–16).
- Aarnes, H. (1933). *Kviteburd*. Oslo: Olaf Norli.
- Aarnes, H. (1943a). *Bladarbeid*. Oslo: Bladmannsskolen [sic!].
- Aarnes, H. (1943b). *Kviteburd* (2. utg.). Oslo: Fonna.